

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 21.08.17

Vår ref. 725/17/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Fedje kommune

E-mail

FEDJE, STEFHOLMEN – REGULERINGSPLAN 169/47, FABRIKK 8.

Viser til Dykkar brev av 10.07.17, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Generelt vil ein bemerke at område som blir nytta til fiskeri blir pressa frå mange ulike hald t.d.

- oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces),
- vindmøller til sjøs,
- reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, ankringsområde, m.m.),
- ankring/verksemd i sjø
- avlaups-/vassleidningar i sjø,
- kablar i sjø
- fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein peike på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

I tillegg har ein m.a. reguleringar i fisket å halde seg etter.

Fiskarane skal tross alt leve av fisken dei får opp av sjøen, og det er derfor viktig av fiskeri-/gyteområda o.l. blir ivaretatt.



Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i slike samanhengar.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser i planprosessar.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Stefholmen


Det er her planlagt reguleringsplan for Fabrikk nr. 8 som inkluderer m.a. inntil 12 bustader, lettare næring retta mot oppleving, turisme og anna maritim verksemd. Fasaden blir slik den er i dag. Allmenta skal ha tilgang til sjøfronten i høve sakspapira.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det ikkje er registrert fiskeriinteresser i høve gytefelt o.l. i/ved reguleringsområdet.

Ein vil gjere merksam på at det er registrert fiskerihamn i området, og ein forutset at omsøkte tiltak ikkje er til til hinder for aktivitet i tilknytning til fiskerihamna.

Til slutt vil ein gjere merksam på at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive sjøområde, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat. Ein forutset at eventuell forureining frå området blir avgrensa mest mogeleg.

Med helsing
Fiskarlaget Vest




Britt Sæle Instebø

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland
Fiskeridirektoratet region Vest



FISKERIDIREKTORATET


N60.75919, Ø4.71801



+ N60.77511, Ø4.70405

Fiskeridirektoratet og ND-parter

Måsholmen



Tegnforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg

- BAV** Avleingsanlegg (1542)
- BUT** Uteoppholdsareal (1600)
- BKB** Bolig/tjenesteyting (1803)

§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SV** Veg (2010)
- SVG** Annen veggrunn - grøntareal (2019)

Linjesymbol

- Planens begrensning
- RpFormålGrense
- - - - - Byggegrense (1211)

Punktsymboler

- Planlagt bebyggelse (1213)
- Bebyggelse som inngår i planen (1214)
- ↔ Avkjørsel - både inn og utkjøring (1242)
- REGULERINGSPLAN 612.7 nr. 119
- f. Felles arealformål

BASISKART

- - - - - Eieendomsgrnse
- Eksisterende bebyggelse

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: In-land
 Dato for basiskart: 06.06.2016
 Koordinatstemsystem: UTM zone 32 basert på EITREFR9W1584
 Høydegrunnlag: NN1954

Ekvidistanse: 1 m
 Kartmålestokk: 1:1000
 0 12.5 25 37.5 50 m

Reguleringsplan, detaljregulering for:
 f. plan- og bygningslovens (pbl) kap.12

**FEDJE KOMMUNE, GNR 169 BNR 47
 KREMARMHOLMEN FABRIKK NR 8
 NASJONAL AREALPLAN ID 1201_XXXXXX**

Saksbehandling i følge plan- og bygningsloven

	Dato	Planlagt dato	Bestemmelser dato
Planoppstart kommunert	04.11.2015		
Beslutning offentlig ettersyn	dd.mn.aa	dd.mn.aa	dd.mn.aa
Offentlig ettersyn, fra - til	dd.mn.aa	dd.mn.aa	dd.mn.aa
Kommunens utredning	dd.mn.aa	dd.mn.aa	dd.mn.aa
Bystyrets vedtak	dd.mn.aa	dd.mn.aa	dd.mn.aa
Planvedtak kommunert	dd.mn.aa	dd.mn.aa	dd.mn.aa

Forslagsstiller: Linn & Wend Gundersen AS
 Utarbeidet av: Vagdy Design Plan & Landskap AS
 Følge kommunens saknummer: XXXXX
 Saksbehandler: Sidsa revingemødet plankart
 Dato: 18.08.2017

Det behøves at plankartet er i samsvar med bystyret sitt vedtak

Betsjensleder